



Årsmelding 2003



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

| | | | |
|---|----------------|-------|-----------|
| 1 | PREPARED BY: | NAME: | POSITION: |
| 2 | REVIEWED BY: | NAME: | POSITION: |
| 3 | APPROVED BY: | NAME: | POSITION: |
| 4 | SUPERVISOR: | NAME: | POSITION: |
| 5 | TELECOPIED TO: | NAME: | POSITION: |



Årsmelding 2003

Havforskningsinstituttet – Informasjonen

Redaktør: Jo Høyre

Grafisk design og produksjon: Harald E. Tørresen og Hege Iren Svensen

Trykk: John Grieg Grafisk AS

| INNHOLD | |
|------------------------|--|
| 3 | Visjon |
| 4 | Melding frå styret |
| 10 | Organisasjon |
| 12 | Forskningsprogram 2003 |
| 13 | Økonomi |
| 16 | Tokt |
| 18 | Tilsette |
| 19 | Faglege program 2003 |
| Linjeprogram | |
| 21 | 91 Ressursovervaking og rådgjeving |
| 23 | 92 Overvaking og tilstandsvurdering av havmiljøet |
| 25 | 93 Havbruk og rådgjeving |
| 27 | 95 Bistandsretta samarbeid innan forskning og forvalting |
| 30 | 96 Overvaking og tilstandsvurdering av kystsona |
| Programoversikt | |
| 32 | 1 Ressurs- og miljøforskning i kystsona |
| 34 | 4 Populasjondynamikk og modellering |
| 36 | 5 Absolutt mengdemåling av marine ressursar |
| 38 | 6 Ansvarleg fangst |
| 40 | 8 Matfisk og kvalitet |
| 42 | 13 Klima og fisk |
| 44 | 14 Reproduksjon og tidleg livshistorie hos fisk og skaldyr |
| 46 | 15 Marin miljøkvalitet |
| 48 | 16 Helse hos fisk og skjel |
| 51 | Publikasjonar 2003 |



Vision

Havforskningsinstituttet skal være ein nasjonal og internasjonal pådriver i marin forskning og ein truverdig premiss- og kunnskapsleverandør.

Slik skal Havforskningsinstituttet medverke til ansvarleg bruk av dei moglegheitene havet og kysten gjev som spiskammer og grunnlag for næringsverksemد og for rekreasjon.



Melding fr o styret

Noreg sin r aderett over kyst- og havomr de representerer store verdiar. Som r dgjevar og kunnskapsleverand r medverkar Havforskinsituttet til at vi forvaltar desse verdiane p  ein berekraftig m te, b ade i dag og til beste for komande generasjonar.

Over hundre  r med marin forsking har gjeve oss mykje viktig kunnskap om havmilj , fiskebestandar og marin bioproduksjon. Likevel er det mange oppg ver vi enno ikkje har l yst, som til d mes  r gje meir presise framskrivingar for v re viktigaste fiskebestandar. Det blir samstundes stadig viktigare  r overvake forureining og berekne effektar av menneskeskapt p verknad p  marine organismar.   forst  det kompliserte samspelet i marine  kosystem og gje r d ut ifr  dette, er ei stor fagleg utfordring for havforskane. Dette har dei siste 20-30  ra vore p skynda av m l nedfelt i ei rekke internasjonale avtalar; som til d mes prinsippa om berekraftig utvikling, f re-var-tiln rming, ansvarleg fiske og  kosystembasert forvalting.

Fr  1. januar 2004 fekk Havforskinsituttet ny organisasjonsstruktur. Med denne endringa legg instituttet no til rette for  r utvikle ei r dgjeving som skal bli meir  kosystembasert. Slik styret ser det, vil

stor fagleg breidde og gode fagmilj  og forskingsfasilitetar vere eit solid utgangspunkt for  r m te denne utfordringa.

Omorganiseringa av Havforskinsituttet inneber at dei fire fagsentra for ressurs, milj , kystsone og havbruk no er avvikla. Den faglege aktiviteten er organisert i 19 forskingsgrupper, der tre har fokus p   kosystem medan resten er konsentrert om fagtema. I tillegg er det etablert ei eiga avdeling med i alt seks forskingstekniske grupper. Dei nitten forskingsgruppene leverer det faglege grunnlaget for instituttet sine fire r dgjevingsprogram; havbruk og dei tre  kosystemprogramma Barentshavet, Norskehavet/Nordsj en og kystsona. Forskingresultata fr  gruppene skal ogs  syta for at dei r da som Havforskinsituttet gjev blir stadig betre. M la for omorganiseringa er  r styrke det tverrfaglege samarbeidet i instituttet, gje meir tid til forsking, utnytte felles ressursar og oppn  ein betre samla infrastruktur.

I 2003 vart det lagt ned eit stort arbeid fr  tilsette, organisasjoner og leiding for  r f  p  plass den nye organisasjonsstrukturen. Omorganiseringa har naturleg nok prega det "indre livet" p  instituttet siste  ret.

 OKONOMI OG PERSONALPOLITIKK

Rekneskapen for 2003 syner eit netto  rsresultat p  minus 0,5 mill. kroner, noko som er godt under fjor rsresultatet p  pluss 7,8 mill. kroner.  rsaka er auka kostnader til Reiarlaget og fart ydrift, men ogs  etableringa av ny avdeling i Troms  og omorganiseringa har gjeve ekstra kostnader. Tilslaget p  eksterne prosjekts knader var godt og heldt seg p  same niv et som dei to tidlegare  ra. L yvinga over statsbudsjettet for 2004 inneber eit kutt i budsjettet p  vel 4 mill. kroner samanlikna med  ret f r.

Det er investert i ei rekke nye administrative og  konomiske styringssystem, som til d mes nettbaserte system for elektronisk sakshandsaming,  konomistyring og saksarkiv. Administrativt personell har gjort ein stor innsats med omsyn til utarbeiding av kravspesifikasjonar, tilpassing og oppl ring av brukarar i dei nye systema. Den nye organiseringa inneber ogs  flytting av personell og ein del ombygging av kontorareal i Bergen.

Havforskinsituttet hadde i 2003 ein nettotilgang p  50  rsverk. 26 av desse er stillingar ved den nye avdelinga i Troms . Ved utgangen av  ret var det i alt 622  rsverk ved instituttet. Dette omfattar faste stillingar, engasjerte i inntil 4  r, stipendiatar, l rlingar med meir. Det samla sjukefr v ret for instituttet i 2003 heldt seg l gt, med unntak av eit h gt sjukefr v r r p  fart ya. Satsinga p  personalpolitiske tiltak som utvida velferds- og fritidsordningar er f rt vidare. M let er  r utvikle ein god arbeidsplass som held p  kompetent personale og rekrutterer nye medarbeidarar. Havforskinsituttet gjekk i mai inn i ordninga som inkluderande arbeidslivsbedrift.



OPPNÅDDE FAGLEGE RESULTAT

Instituttet har publisert nye resultat som syner langtidsverknad på fisk som følgje av utslepp av produksjonsvatn fra oljeverksemda i Nordsjøen. Resultata understrekar at det er viktig å få meir kunnskap slik at vi kan sikre ei forsvarleg utvikling av vår olje- og gassproduksjon, ikkje minst i Barentshavet.

Spørsmålet blei aktualisert på slutten av fjoråret, i samband med diskusjonen om opning av oljeverksemd i nord. Her rådde instituttet til at det ikkje blir opna for prøveboring i områda utanfor Lofoten no, og at det i Barentshavet må vere absolutt null utslepp av alle slag dersom det skal setjast i gang olje- og gassproduksjon der.

I samarbeid med russiske kolleger har vi lagt grunnlaget for ein sameint forvaltingsstrategi for torsk og hyse i Barentshavet. Strategien, som byggjer på føre-var-prinsippet, tek samstundes omsyn til ønsket om stabile kvotar balansert mot eit best mogleg langsiktig fangstutbyte. Vi arbeider for at strategien skal kvalitetssikrast og godkjennast av ICES i 2004.

Havforskinginstituttet har vore sterkt engasjert i arbeidet med å utvikle ein samla forvaltingsplan for Barentshavet. Utgreiingar om konsekvensar av fiskeri, havbruk og skipsfart blei ferdigstilte og sende på høyring i 2003. Saman med Polarinstituttet har vi analysert særskilt verdfulle område, og kunnskapshola som må fyllast for å få til ei meir økosystembasert forvalting er kartlagde.

Botntråltokt gjev eit framifrå datagrunnlag for mengdemåling av botnfisk. Publisering av resultat frå slikt arbeid stadfestar at mengdemåling med trål gjev svært presise resultat. Denne dokumentasjonen har gjeve eit betre grunnlag for å kunne samanlikne målingar med trål og akustikk. Artikkelen som presenterte desse resultata blei kåra som den beste vitskaplege publikasjonen ved Havforskinginstituttet i 2003.

I samarbeid med fiskarar og reiskapsprodusentar har instituttet utvikla eit konsept for ein ny generasjon torsketrål. Etter lovande resultat frå halvskalaforsøk som syner at dette kan bli ein både lettare og meir letthandterleg trål, vil han bli uttesta i full skala i 2004.

Ved hjelp av moderne multistråle-ekkolodd har forskarane med FF G.O. Sars gjort meir nøyaktige kartleggingar av dei store korallreva utanfor Nordland. Ikkje berre er det viktig å få kartlagt desse unike områda, men vi må òg forstå kva funksjon dei har, mellom anna som leveområde for fisk og ulike organismar.

Det blei i 2003 gjort store framsteg i arbeidet med å finne fram til ei vaksine for lakselus som på noko sikt vil kunne løye eit stort miljøproblem i oppdrettsnæringa. Forskarane har teke i bruk fleire ulike molekylærbiologiske teknikkar for å kartlegge samspelet mellom lakselus og laksen sitt immunforsvar. Arbeidet er no klart for vitskapleg publisering.

For meir oversikt over oppnådde resultat syner styret til den vidare omtalen i årsmeldinga.

ANDRE NYHENDE

Ei viktig nyheit i 2003 var ferdigstillinga av FF G.O. Sars, det mest avanserte forskingsfartøyet i verda, som blei levert frå verftet i mars og døypt 7. mai av HKH Dronning Sonja. I juni blei det kåra som "Årets skip" under Nor-Shipping 2003. Kåringa understrekar at fartøyet representerer det mest moderne i norsk og europeisk skipsteknologi. I samband med innkøyring og teknisk utprøving blei G.O. Sars presentert langs heile kysten, noko som profilerte både fartøyet og instituttet på ein fin måte. Ikkje minst skuldast dette stor innsats av mange medarbeidarar for å synne fram det nye fartøyet gjennom ei rekke arrangement. I 2003 blei fartøya FF Michael Sars og FF Sarsen (gamle "G.O. Sars") avhenda etter mange års teneste ved instituttet.

2003 var første året med ny avdeling i Tromsø, og i mars flytta Havforskinginstituttet inn i nye lokale i Forskingsparken i Breivika. Avdelinga har no 26 tilsette og vil i åra framover ha ei viktig fagleg rolle, ved sidan av å profilere instituttet og byggje samarbeid med dei andre kunnskapsmiljøa i Tromsø. Ved Havforskinginstituttet, Matre havbruksstasjon er no planarbeidet og anbodsrunden for nytt byggjeprosjekt ferdig, og sjølve bygggearbeida blir sett i gang på nyåret i 2004. I 2003 starta òg planarbeidet for utbygging ved Havforskinginstituttet, Austevoll havbruksstasjon.





1. september slutta Roald Vaage etter 11 år som administrerande direktør ved Havforskinginstituttet.

Hausten 2003 arbeidde styret med å tilsette ny direktør. Samstundes var styreleiar Leiv Grønnevæt tilsett som mellombels administrerande direktør frå 1. september 2003, og for denne perioden gjekk han ut av styret. Nestleiar Heidi Meland tok over som styreleiar, medan varamedlem Jens M. Skei gjekk inn som fast medlem av styret. Prosessen enda med at Tore Nepstad blei tilsett som ny administrerande direktør og byrja i stillinga 1. januar 2004.

SAMARBEID OG FORMIDLING

Gjennom forskingsprosjekta og som rådgjevar har Havforskinginstituttet eit omfattande fagleg samarbeid med partnerar i både inn- og utland. Styret ser det som særskilt viktig at instituttet gjennom avdelinga i Tromsø markerer seg og styrker samarbeidet med forskingsmiljøa i nord, så som Polarinstituttet, Fiskeriforskning og Universitetet i Tromsø/Noregs fiskerihogskule. Dette er ein viktig del i satsinga på å utvikle det faglege samarbeidet langs kystaksen Tromsø–Bergen.

Instituttet har ei brei internasjonal kontaktflate. Forskarane legg ned mykje tid og innsats i å ta del i ei rekke komitear og organisasjonar, nasjonalt og internasjonalt. Ikkje minst speler deltakinga i den internasjonale havforskinsorganisasjonen ICES og i fiskerikommisjonane for det nordatlantiske området ei stor rolle. Instituttet har ei særskilt viktig oppgåve som rådgjevar i internasjonale forhandlingar om fiskeri- og miljøspørsmål.

I 2003 inngjekk Havforskinginstituttet tre nye samarbeidsavtaler, med høvesvis Norsk institutt for vassforskning (NIVA) og Akvaplan-niva AS, Statens kartverk Sjø og National Marine Fisheries Service (NOAA Fisheries).

Det er stor offentleg interesse kring verksemda til Havforskinginstituttet, og kravet om god formidling av råd, forskningsresultat og kunnskap aukar. I ei mediefokusert tid har instituttet eit monaleg ansvar i å medverke til at den offentlege debatten om dei marine ressursane bygger på kunnskap. Dette utfordrar også instituttet til å vere endå meir synleg og framstå tydeleg med si rolle som fagleg premiss- og kunnskapsleverandør. Det er difor blitt satsa vidare på meir systematisk mediearbeit, og på å bygge ut gode kanalar mot journalistar og publikum. Utviklinga av nye nettsider for instituttet, www.imr.no, og av statusrapportane *Havets ressurser*, *Havets miljø* og *Havbruksrapport*, er viktige tiltak. Ein nystifta formidlingspris ved Havforskinginstituttet gjekk i 2003 til Odd Nakken for hans engasjerte og gode formidling frå instituttet sine fagområde gjennom mange år.

MAR-ECO

Det internasjonale MAR-ECO-prosjektet, leia av Havforskinginstituttet og Universitetet i Bergen, er no inne i feltfasen. Sommaren 2004 skal leit to månader langt hovudtaket med FF G.O. Sars finne stad. Dette internasjonale forskingsprosjektet, som skal kartlegge djuphavressursane og økosystemet langs Den midtlantiske rygg, samlar deltakarar frå ei rekke land. Det er venta fleire nye resultat frå desse utforska djupområda. MAR-ECO er ei stor satsing for instituttet og vil gå fram til 2008. Utanom sjølve forskingsarbeidet står utprøving av ny teknologi og formidling til målgrupper i ei rekke land sentralt i prosjektet. Gjennom MAR-ECO vil både Havforskinginstituttet og Noreg kunne stadfeste posisjonane sine som kunnskapsleverandør og havnasjon.

Styret er ikkje kjent med at Havforskinginstituttet medverkar til forureining av det ytre miljøet.

Styret takkar alle tilsette ved Havforskinginstituttet for godt arbeid i 2003.



Leiv Grønnevæt



Peter Gullestad



Knut Werner Hansen



Heidi Meland

Peter Gullestad



Marit Solberg



Alf Håkon Hoel

Einar Svendsen




Randi C. Reinertsen

Randi Eidsmo Reinertsen



Einar Svendsen




Jens M. Skei



Leif Austgulen



ORGANISASJON



Oppdatert per 1. januar 2004

STYRET

Leiv Grønnevet (leiar), banksjef, Nordea (frå 1.1. til 31.8.2003)
 Heidi Meland (nestleiar), dagleg leiar, Kunnskapssenteret i Gildeskål (Styreleiar frå 1.9. til 31.12.2003)
 Peter Gullestad, Fiskeridirektør, Fiskeridirektoratet
 Knut Werner Hansen, fiskar
 Randi Eidsmo Reinertsen, sjefsforskar, SINTEF Unimed
 Alf Håkon Hoel, førsteamanensis, Universitetet i Tromsø
 Jens M. Skei, forskingssjef (frå 1.9 til 31.12.2003)
 Marit Solberg, regionsjef, Marine Harvest, Bergen
 Einar Svendsen, tillitsvald vitskapleg tilsette
 Leif Austgulen, tillitsvald teknisk/administrativt tilsette


Varamedlemmer
 Jens M. Skei (1.vara) forskingssjef, NIVA, Oslo (frå 1.1. til 31.8.2003)
 Heidi Johansen (2.vara) prosjektdirektør, Tromsø
 Eva Toril Strand (3.vara) fiskebåtreiar, Averøy

Vara for Fiskeridirektøren
 Grethe Aa. Kuhnle, seniorrådgjevar, Fiskeridirektoratet

Varamedlemmer, Havforskningsinstituttet
 Harald Gjøsæter, tillitsvald vitskapleg tilsette
 Kathrine Michalsen, tillitsvald vitskapleg tilsette
 Elen Hals, tillitsvald teknisk/administrativt tilsette
 Kjell Bakkeplass, tillitsvald teknisk/administrativt tilsette

LEIING

Administrerande direktør Roald Vaage (til 1.9.2003)
 Konstituert administrerande direktør Leiv Grønnevet (til 31.12.2003)
 Informasjonssjef Jo Høyér
 Forskingsdirektør Åsmund Bjordal, Senter for marine ressursar
 Forskingsdirektør Ole Arve Misund, Senter for marint miljø
 Forskingsdirektør Ole J. Torrisen, Senter for havbruk
 Forskingssjef Erlend Moksness, Forskningsstasjonen Flødevigen
 Forskingssjef Gabriella Bianchi, Fiskeriforsking u-land (til 17.8.2003)
 Forskingssjef Hans Erstad, Fiskeriforsking u-land (frå 17.8.2003)
 Avdelingsdirektør Åse L. Pedersen, Administrasjons- og serviceavdelinga
 Avdelingsdirektør Per W. Nieuwejaar, Reiarylaget




FORSKINGSPROGRAM 2003 (programansvarleg i parentes)

LINJEAKTIVITETAR



- 91 Ressursovervaking og rådgjeving (Åsmund Bjordal)
- 92 Overvakning og tilstandsvurdering av havmiljøet (Ole Arve Misund)
- 93 Havbruk og rådgjeving (Ole J. Torrisen)
- 94 Støtteaktivitetar (Åse L. Pedersen)
- 95 Bistandsretta samarbeid innan forsking og forvalting
(Gabriella Bianchi til 17.08.2003, Hans Erstad frå 17.08.2003)
- 96 Overvakning og tilstandsvurdering av kystsona (Erlend Moksness)

PROGRAMOVERSIKT

- 1 Ressurs- og miljøforskning i kystsona (Einar Dahl)
- 4 Populasjonsdynamikk og modellering (Bjarte Bogstad)
- 5 Absolutt mengdemåling av marine ressursar (Egil Ona)
- 6 Ansvarleg fangst (Arill Engås)
- 8 Matfisk og kvalitet (Geir Lasse Taranger)
- 13 Klima og fisk (Harald Loeng)
- 14 Reproduksjon og tidleg livshistorie hos fisk og skaldyr (Olav S. Kjesbu)
- 15 Marin miljøkvalitet (Francisco Rey)
- 16 Helse hos fisk og skjel (Øivind Bergh)



Økonomi



ØKONOMISK ÅRSAVSLUTTING FOR HAVFORSKINGSINSTITUTTET 2003

| | Havforskings-instituttet | Kap. 1020 instituttet | Kap. 1021 forskings-fartøya | |
|--|--------------------------|-----------------------|-----------------------------|---|
| INNTEKTER | | | | |
| Løyvingar over statsbudsjettet | 317 626 | 217 362 | 100 264 | Havforskings-instituttet sin driftsrekneskap for 2003 syner eit negativt resultat etter avsetjing og tap på fordringar på 2,7 millionar kroner. |
| Eksterne oppdragsmidlar | 243 299 | 150 419 | 92 880 | Med det positive dekningstilstoktet på 22,6 millionar kroner frå i fjar, vil 19,9 millionar kroner bli overført til 2004. |
| Overførte prosjektmidlar til 2004 | -4 076 | -4 076 | - | |
| Midlar til omfordeling: | | | | |
| - omfordelte strategiske midlar | - | - | - | |
| - inntrekte midlar til adm. avd. (7 %) | - | 3 378 | -3 378 | |
| - internkjøp og -sal av tenester | - | -70 | 70 | |
| Lønsrefusjonar | 9 108 | 3 837 | 5 271 | |
| Andre inntekter | 4 739 | 3 027 | 1 712 | |
| Sum inntekter | 570 696 | 373 877 | 196 819 | |
| UTGIFTER | | | | |
| Lønsforbruk | 281 215 | 194 854 | 86 561 | |
| Varer og tenester, drift | 116 889 | 87 457 | 29 432 | |
| Varer og tenester, oppdrag | 160 816 | 75 235 | 85 581 | |
| Sum utgifter | 558 920 | 357 346 | 201 574 | |
| BRUTTO ÅRSRESULTAT | 11 776 | 16 531 | -4 755¹ | |
| AVSETJINGAR | | | | |
| Avsette feriepengar for 2004 | - | | | |
| Endring avsatt arbeidsgjevaravgift | 10 176 | 9 650 | 526 | |
| Endring interimskonti | 1 084 | 787 | 297 | |
| Sum avsetjingar | 12 330 | 11 427 | 903 | |
| NETTO ÅRSRESULTAT | -554 | 5 104 | -5 658 | |
| Årsoppgjersdisposisjonar | - | - | - | |
| Tap på fordringar | -2 133 | -2 133 | - | |
| Inngåande DB 2003 | 22 628 | 17 898 | 4 730 | |
| Utgåande DB 2003 | 19 941 | 20 869 | -928 | |

(1) 2,713 millioner kroner bevilget over kap. 1020 er budsjettert og forbrukt på kap. 1021 "Jan Mayen"

NANSIERING OG FORBRUK 2003 (1000 KR)

| Finansieringskjelde | Sum | Kostnadsstad | Løn | Varer/tenester | Sum |
|------------------------------------|----------------|-------------------------------------|----------------|-----------------------|----------------|
| Fiskeridepartementet – drift | 317 626 | Fellestenester | 18 616 | 49 221 | 67 837 |
| Fiskeridepartementet – nytt fartøy | 77 601 | Administrasjonen | 23 293 | 18 914 | 42 207 |
| | | Marine ressursar | 47 981 | 19 122 | 67 103 |
| | | Marint miljø | 32 359 | 18 789 | 51 148 |
| | | Havbruk | 44 962 | 25 735 | 70 697 |
| | | Kystsone | 10 499 | 4 356 | 14 855 |
| | | Tromsø | 9 637 | 9 861 | 19 498 |
| | | Fiskeriforsking u-land | 7 307 | 16 694 | 24 001 |
| | | Reiarlaget | 54 795 | 43 605 | 98 400 |
| | | Leigefartøy | 4 226 | 41 924 | 46 150 |
| | | Andre fartøy | 27 540 | 29 484 | 57 024 |
| | | Sum drift | 281 215 | 277 705 | 558 920 |
| | | Bygging nytt fartøy | | | 67 401 |
| | | | | | |
| | | Overførte prosjektmidlar til 2003 | | | 4 076 |
| | | Overførte midlar – nytt fartøy | | | 10 130 |
| | | | | | |
| | | Avsette feriepengar til 2003 | | | 10 176 |
| | | Avsett arbeidsgjevaravgift til 2003 | | | 1 615 |
| | | Overførte prosjektmidlar til 2003 | | | 21 011 |
| | | Andre disposisjonar | | | 2 133 |
| | | Tap på fordringar | | | |
| | | | | | |
| Sum | 675 462 | Sum | | | 675 462 |



Nye FF G.O. Sars blei overteke frå verftet i april 2003, og døypt av HKH Dronning Sonja i Bergen 7. mai. I juni blei fartøyet kåra til "Årets skip" på den store internasjonale skipsfartsmessa Nor-Shipping 2003. Etter ein lengre utprøvingsperiode blei det sett inn i regulær toktaaktivitet i slutten av juli 2003.

TOKT

Forskningsaktiviteten i 2003 gjekk stort sett i samsvar med det planlagde toktprogrammet, bortsett frå at FF Håkon Mosby fekk eit lengre driftsavbrot grunna maskinskade. Dei fleste tokta som var planlagde i den perioden blei gjennomførte ved hjelp av andre fartøy. Vi har ein høg utnyttingsgrad på fartøya, og også i 2003 har det vore lite liggjetid ved kai, hovudsakleg berre ved tokt-/mannskapsskifte og ved planlagde verkstadsopphald. Fartøydrifta gjekk med eit lite underskot i 2003, mellom anna på grunn av eit unormalt høgt sjukefråvær blant sjøfolka.

I tillegg til å nytte eigne fartøy har instituttet òg i 2003 leigd inn fleire fartøydøger frå den kommersielle fiskeflåten, primært for reiskapsforsøk.

Instituttet er framleis ansvarleg for drifta av NORAD sitt fartøy RV Dr. Fridtjof Nansen. Drifta av fartøyet følgde i hovudsak toktprogrammet, men båten blei noko forseinka ut frå Cape Town etter gjennomført verkstadsopphald.

Også i 2003 har FF G.M. Dannevig sigla med berre eitt mannskap, langs kysten av Sør- og Austlandet og elles i Skagerrak. Det har vore svært lite utelege av fartøyet i høve til tidlegare år, med tilsvarande låge inntekter.

2003 var første budsjettåret då Reiarlaget ved Havforskningsinstituttet i tillegg til bemanning og drift av FF Håkon Mosby òg hadde ansvar for drift og bemanning av FF Hans Brattström, både eigde av Universitetet i Bergen. Dessutan overtok Reiarlaget drifta av den fjernstyrt undervassfarkosten ROV Aglantha for Universitetet 1. januar 2003. Samarbeidet med mannskapet og Universitetet har gått særsla bra.

2003 var fjerde året i femårsavtala med Villa Leppefisk AS om leige av FF Fangst. Båten blir leidt av instituttet om lag 200 dagar kvart år, og også i 2003 har det vore ei rekke tokt i denne perioden. Det blei skaffa ny dekkskran og montert autotrålsystem på fartøyet i 2003, noko som har gjort tilhøva om bord både tryggare og meir føremålstenlege.

TOKTOVERSIKT

| FARTØY | 2003 | | 2002 | |
|-----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | Fartøydøger | Persondøger | Fartøydøger | Persondøger |
| "G.O. Sars" | 140 | 1 118 | | |
| "Johan Hjort" | 309 | 1 904 | 303 | 1 774 |
| "Michael Sars" | | | 265 | 1 092 |
| "Fangst" | 134 | 511 | 135 | 334 |
| "Sarsen" | 205 | 1 311 | 249 | 1 422 |
| "Hans Brattström" | 70 | 93 | | |
| "G.M. Dannevig" | 198 | 461 | 163 | 551 |
| "Jan Mayen" | 105 | 647 | | |
| "Dr. Fridtjof Nansen" | 315 | 807 | 302 | 657 |
| Andre fartøy | 800 | 2 070 | 371 | 482 |
| SUM | 2 612 | 9 654 | 1 808 | 6 446 |

Tabellen syner toktverksemda i 2003. Fartøydøger dekkjer ikkje rein transitt eller tid som går med til mannskapsskifte og periodar på verkstad.

TILSETTE Havforskingsinstituttet hadde ved utgangen av 2003 i alt 622 årsverk. Det var ein netto tilgang på 50 årsverk. 26 av desse er stillingar ved den nye avdelinga i Tromsø som vart overført frå Fiskeriforskning.

Vitskapleg personell, dvs. forskrarar, stipendiatar og postdoktor-stillingar, utgjer til saman 207 årsverk, som er ei auke på 27. Talet på forskrarar med doktorgrad har auka jamt og trutt. Ved utgangen av 2003 hadde 116 tilsette ved Havforskingsinstituttet doktorgrad.

Det samla sjukefråværet for instituttet i 2003 held seg lågt med unnatak av eit unormalt høgt sjukefråvær på fartøya. Havforskingsinstituttet gjekk i mai 2003 inn i ordninga som inkluderande arbeidslivsbedrift. Satsinga på personalpolitiske tiltak som utvida velferds- og fritidsordningar er ført vidare.

ÅRSVERK 2003 (FASTE OG ENGASJERTE INNTIL 4 ÅR)

| Kategori | Havbruk | Miljø | Ressurs | Flødevigen | Tromsø | U-land | Adm | Reiarlag | Sum |
|----------------------|-------------|-------------|--------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------|--------------|
| Forskarar | 41,4 | 41,0 | 49,2 | 9,7 | 12,8 | 10,5 | 1,0 | 0,0 | 165,6 |
| Teknisk pers. | 42,2 | 31,6 | 60,6 | 11,0 | 7,4 | 3,5 | 21,0 | 26,9 | 204,2 |
| Sjøfolk | | | | | | | | 117,0 | 117,0 |
| Adm. personell | 8,5 | 4,0 | 7,0 | 3,0 | 2,0 | 3,9 | 37,6 | 6,0 | 72,0 |
| Sum | 92,1 | 76,6 | 116,8 | 23,7 | 22,2 | 17,9 | 59,6 | 149,9 | 558,8 |
| EU-stipendiatar | 0,1 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,1 |
| Stipendiatar | 13,7 | 4,8 | 8,0 | 0,0 | 0,0 | 1,0 | 0,0 | 0,0 | 27,5 |
| Postdoktorar | 7,4 | 1,0 | 2,5 | 3,0 | 0,9 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 14,8 |
| Forskingssjef II | 0,9 | 0,2 | 0,6 | 0,2 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 1,9 |
| Reinhaldarar | 3,7 | 0,0 | 0,0 | 0,7 | 0,0 | 0,0 | 2,7 | 0,0 | 7,1 |
| Lærlingar | 7,5 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,8 | 2,2 | 10,5 |
| Arb.markn.stillingar | 0,8 | 0,6 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,8 | 0,0 | 2,2 |
| Sum | 34,0 | 6,6 | 11,1 | 3,9 | 0,9 | 1,0 | 4,3 | 2,2 | 64,0 |

DOKTORGRADAR AVLAGT AV HI-TILSETTE 2003

Forskningsdirektørane er plasserte under administrative stillingar.

Berekinga går på årsverk.

| | |
|-----------------------|---------|
| Frode Oppedal | Havbruk |
| Ulla Nordgarden | Havbruk |
| Marit Bjørnevikt | Havbruk |
| Gro I. van der Meeren | Havbruk |
| Randi Ingvaldsen | Miljø |
| Rolf Korneliussen | Miljø |
| Erling Stenevik | Miljø |

TAL PÅ FORSKRARAR MED DOKTORGRAD VED HAVFORSKINGSINSTITUTTET


| | 1995 | 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|--------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|
| Totalt 2003 | 43 | 42 | 43 | 51 | 69 | 70 | 70 | 93 | 116 |

Faglege program 2003



Havfor
seidsluftkompresso

FLEKEFJORD S
& MASKINFABRIK



Ressursovervaking og rådgjeving

MÅL

Oppdatere rådgjevingsgrunnlaget for ei berekraftig utnytting av biologiske marine ressursar, basert på presise mengdemål og prognosar for utvikling av bestandane.

PROSJEKT

- ▶ 9101 Ressursrådgjeving og informasjon
- ▶ 9102 Pelagisk fisk – mengdemåling og bestandsvurdering
- ▶ 9103 Botnfisk – mengdemåling og bestandsvurdering
- ▶ 9104 Ressursøkologi og rådgjeving
- ▶ 9105 Fangstteknologisk rådgjeving
- ▶ 9106 Prøvetaking, tilgjenge og kvalitet av data frå tokt og fiskeri
- ▶ 9107 Skaldyr – mengdemåling
- ▶ 9108 Frije prosjekt
- ▶ 9109 Administrasjon og utvikling av Senter for marine ressursar
- ▶ 9110 MAR-ECO

ØKOSYSTEMRÅDGJEVING

Fiskeriforvaltinga har blitt noko ganske anna enn ho var for berre tjue-tredve år sidan. Frå den tida det stort sett var fritt fiske og mest ingen kvoteråd frå forskarane – til i dag med ei gjennomregulert fiskerinæring og forskarråd så omfattande at dei nesten fyller ei heil, lita bok – og med eit så komplisert modell- og datagrunnlag at berre ekspertane kan forstå det.

Likevel er vi langt frå målet, for vi har berre så vidt lagt ut på vegen mot ei heilskapleg økosystemforvalting. Det er Havforskningsinstituttet som skal

overvake og gje råd om forvaltinga av havmiljøet og dei ressursane som finst i våre kolossale fjord-, kyst- og havområde. Målet med ei økosystem-basert fiskeriforvalting er fleirsidig: Vi skal sikre eit sunt marint økosystem og sterke, produktive fiskebestandar. Vi skal også sikre ei balansert hausting på ulike steg i næringskjeda, frå planktonetande fisk (sild, makrell o.a.) til torsk, sel og kval, som er på toppen av næringspyramiden.

Dessutan er det viktig å oppretthalde ei robust fiskerinæring – både flåte og industri – og livskraftige kystsamfunn. Sjømat av høg kvalitet er naturlegvis også eit mål.

For Havforskningsinstituttet vil det vere ei krevjande oppgåve å kunne gje gode økosystembaserte råd. Vi startar likevel ikkje på bar bakke, for i mange år no har vi og andre forskningsinstitusjonar i inn- og utland arbeidd med viktige bitar av økosystemforvalting. Som til dømes fleirbestandsforskning, altså granskingane av kven som et kven i havområda våre. Vi har jobba særleg mykje med torsk og lodde i



Barentshavet – der rådgjevinga for lodde er eitt av få døme internasjonalt kor ein nyttar fleirbestandskunnskap i praksis. Men for ei rekke andre artar står det att å kartlegge korleis dei påverkar kvarandre. Og vi må ha med alt, frå plante- til dyreplankton og like opp til torsk, sel og kval. Det blir ei kolossal mengd med data og samanhengar som skal målast, vektast og kontinuerleg overvakast. Saman med miljøet i havet, naturlegvis, for også her finn vi variasjonar, og miljøtilhøva påverkar livet i havet. At havet er reint og har "god helse" skal òg kontrollerast. Også på dette området skal vi gje råd, som vi gjorde no sist haust med omsyn til petroleumsverksemd utanfor Lofoten-Troms og i Barentshavet.

Havforskingssinstituttet har lange tradisjonar for slik miljø-overvaking, mellom anna av radioaktivitet og ulike miljøgifter. Målingane har synt at sjømat frå våre havområde er trygg og sunn. Instituttet har også vore ein aktiv deltakar i den internasjonale debatten

og metodeutviklinga som no viser veg til ei heilskapleg økosystemforvalting. Mykje av metodearbeidet har skjedd gjennom Det internasjonale råd for havforskning (ICES), der Noreg har vore og framleis vil vere ein sentral deltagar.

Internt i instituttet viser omorganiseringa i 2003 at innsatsen no blir endå meir måretta mot økosystemforståing og -råd. Dei gamle forskingsentra (Ressurs, Miljø, Kyst og Havbruk) er avvikla, og vi har i staden fått rådgjevingsprogram; tre økosystembaserte (Barentshavet, Norskehavet/Nordsjøen og Kystsone) og eitt tematisk (Havbruk). Programma skal levere råd for berekraftig forvalting av fiskeri, havbruk og andre verksemder knytt til hav og kyst, basert på overvaking og forsking utført av 25 forskings- og forskingstekniske grupper. Med eit nytt fokus på økosystembasert rådgjeving vil det vere ei stor utfordring å dra nytte av den sterke tverrfaglege kompetansen på instituttet og i vårt store nasjonale og internasjonale samarbeidsnett.

Det nye forskingsfartøyet som blei sett i teneste sommaren 2003, FF G.O. Sars, vil vere ein viktig reiskap i overvakainga av dei ulike økosistema, til liks med andre forskingsfartøy og moderne laboratorium på land. God økosystembasert rådgjeving vil i tillegg krevje eit større datatilfang i tid og rom. I framtida må vi bygge ut system for data frå andre kjelder, til dømes fiskeflåten, der vi allereie har god erfaring med data frå den såkalla referanseflåten av fiskefartøy.

Kanskje kan vi ikkje gje gode økosystembaserte råd alt i år eller neste år. Men for kvart år vil kunnskapen om økosistema auke, og litt etter litt vil vi kunne kome med anbefalingar som gjeld stadig fleire sider ved økosystemet. Denne kunnskapen vert berre viktigare i tida framover, både for å kunne gje betre råd om berekraftige kvotar, og for å møte internasjonale marknadskrav om trygg sjømat og miljømerking av fiskeprodukt.



Overvaking og tilstandsvurdering av havmiljøet

MÅL

Overvake langtidsutviklinga og gje prognosar med omsyn til havklima, produksjonstilhøve og forureining i norske kyst- og havområde. Resultata frå programmet skal medverke til at styresmaktene kan forvalte havmiljøet og dei levande marine ressursane på ein berekraftig måte.

PROSJEKT

- ▶ 9201 Rådgjeving og informasjon
- ▶ 9202 Kyst og fjord
- ▶ 9203 Barentshavet
- ▶ 9204 Norskehavet
- ▶ 9205 Nordsjøen og Skagerrak
- ▶ 9207 Administrasjon og drift av Senter for marint miljø (SMM)
- ▶ 9210 Informasjonssystem

VIKTIGASTE OLJERÅDET FRÅ HAVFORSKINGSINSTITUTTET

Absolutt null utslepp i Barentshavet, og eit kategorisk nei til boring i føde- og ynglestova til den norsk-arktiske torsken. Dette var anbefalinga vår til Olje- og energidepartementet 30. september 2003. Mange ved Havforskingssinstituttet meiner det var det viktigaste rådet vi gav i fjar, og styresmaktene høyrdé på oss. So ligg det òg store ressursar og omfattande kompetanse bak vurderingane og høyriingsutsegna våre. Forskarar frå alle fagområde har lagt sin ekspertise inn i dei. Anbefalingane byggjer på omfattande toktundersøkingar og

lange tidsseriar knytt til målingar i felten; av miljøtilhøva i havet, fisken si vandring, gyteprosessar, larveoverleving, yngeldrift m.a. Vidare stettar dei seg på laboratorieforsøk på land om korleis livet i havet blir påverka av olje og ulike kjemiske stoff.

Når instituttet kunne seie ja til oljeverksemd i Barentshavet, skuldast det forsikringane om absolutt nullutslepp frå oljeverksemd her. I Barentshavet skal ikkje noko pumpast eller sleppast ut – ikkje såkalla produksjonsvatn

med "hormonhermande" kjemiske stoff, og heller ikkje noko anna. Det er ein absolutt føresetnad. Kva så med hendelege uhell, til dømes eit oljeutslepp i Barentshavet? For ingen kan garantere at slike uhell aldi vil kunne skje, og då vil naturlegvis fisken i Barentshavet bli påverka? Jau, sjølvsagt vil fisk kunne bli ramma av oljeutslepp i Barentshavet. Men skaden her blir liten, samanlikna med følgjene av eit liknande utslepp i Lofoten, for i Barentshavet står fiskebestandane spreidde over eit stort område. Fisk kan bli skadd i eit



avgrensa "influensområde", altså i det ureina området, medan storparten av Barentshavet ikkje blir påverka av eit oljeutslepp. Av di områda ved iskanten er sær sårbarer, lyt petroleumsindustrien likevel halde seg heilt borte frå dei iskantnære områda, er rådet frå oss. Ein bør einast bore i det isfrie Barentshavet, og altså garantere at ikkje framandstoff blir sleppte ut i sjøen.

Havområda ved Lofoten, Vesterålen og vidare nordover langs kysten av Troms er sårbarer på ein heilt annan måte. Her er vi i dei mest kritiske gyte- og oppvekstområda til norsk-arktisk torsk og fleire andre fiskebestandar. Sørover her kjem heile gytbestanden symjande på nyåret. Her blir kolossale eggmengder gytt, og nyklekte fiskelarvar driv i vassmassane nordover

langs kysten. Torsk, sei, hyse, sild og anna fisk – alle er dei svært viktige for fiskarane, kystsamfunna og for norsk økonomi. Det er heller ikkje berre i ein månad eller to at livet i dei kystnære havområda er sårbart. Den kritiske fasen for fisken og egg/larve/engel strekkjer seg faktisk frå januar og ut juli månad. Dessutan veit vi ikkje korleis oljeutslepp vil skade botnen og vatnet året rundt i ei slik fødestove for nokre av dei største og viktigaste fiskebestandane i verda. Statistisk sett er risikoen for utslepp svært små, men uhell vil kunne skje, og vi kan like gjerne få eit utslepp om fire-fem år som hundre år fram i tid. Vårt råd er difor at det ikkje bør drivast oljeverksemd i desse sær sårbarer områda, i allfall ikkje med dagens teknologi. Kan hende kan det seinare borast frå land, utan fare for utslepp

til sjøen, men inntil slik teknologi er utvikla bør oljeverksemda haldast borte frå fødestova til torsken.

Det er oljeselskapa sitt ansvar å overvake si eiga verksemd, kontrollere seg sjølv, om at det til dømes ikkje slepp framandstoff ut i havet. Men også Havforskingssinstituttet vil følgje nøy med, og vi vil gjere våre uavhengige målingar i Barentshavet og i andre havområde. Slik miljø- og ressursovervaking har vi lange tradisjonar for, og ikkje minst vil vi ha eit vakeauge for tilhøva i Barentshavet når petroleumsverksemda kjem i gang der nord. Eit slikt utvida overvakingsprogram er vi godt i gang med å planlegge.

Havbruk og rådgjeving

MÅL

Havforskingssinstituttet skal vere forvaltinga sin sentrale rådgjevar innan havbruk, og samstundes vere premissleverandør for ei berekraftig utvikling i ei veksande og lønsam havbruksnæring.

Den forskingsmessige aktiviteten blir nærmere omtalt under FoU-programma. Program 93 skal i hovudsak koordinere forskinga, og samanfatte og rapportere forskningsresultat som dannar grunnlag for forvaltingsråd innan kjerneområda for Senter for havbruk. Aktiviteten er konsentrert innan følgjande fem hovudområde:

1. Miljøeffektar av havbruk
2. Velferd og helse hos oppdrettsorganismar
3. Trygg og god mat
4. Vidareutvikling av marine oppdrettsartar
5. Torsken sitt genom

PROSJEKT

- ▶ 9310 Velferd og helse
- ▶ 9311 Miljøeffektar av havbruk
- ▶ 9312 Sikre havbruksprodukt og god mat
- ▶ 9313 Vidareutvikling av marint oppdrett og havbeite
- ▶ 9314 Frie forvaltingsprosjekt, Senter for havbruk
- ▶ 9317 Basisdrift forskingsfasilitetar, Seksjon genetikk og havbruksøkologi
- ▶ 9318 Basisdrift forskingsfasilitetar, Seksjon helse og sjukdom
- ▶ 9319 Basisdrift forskingsfasilitetar, Austevoll havbruksstasjon
- ▶ 9320 Basisdrift forskingsfasilitetar, Matre havbruksstasjon

FISKEVELFERD OG OPPDRETTSMILJØ

Dei siste åra har media og andre retta eit stadig skarpare sokjelys mot velferda til dyr og fisk, ikkje minst fisk i oppdrett. I åra som kjem må vi også vente å bli møtt med auka uro for velferda til både oppdretta og villfanga fisk. Folk undrar på kor tett

oppdrettsfisken står i merdane, om fisken har misdanningar og sjukdom. Nokre spør om det er rett og etisk forsvarleg å halde "ville dyr" innesperra. Næringsa må også vere budd på marknadsmessige følgjer, at folk ikkje vil kjøpe fisken om vi

ikkje driv oppdrett på ein måte som samsvarer med forbrukarane sine krav og forventingar.

God fiskevelferd treng slett ikkje stå i motsetnad til effektivitet og god økonomi for oppdrettaren. Får fisken

ein godt og helsesamt oppdrettsmiljø, vil han få auka overleving og vere mindre utsett for sjukdom. Alle næringar skal sjølvsgagt også følgje gjeldande lover og reglar, i denne samanhengen loven om dyrehald og dyrevelferd (St.meld. 12, 2002–2003). Dei nasjonale dyrevernlovene er på mange vis dei minimumsrammene folk flest set for handsaming av dyr, og dermed også grunnlaget for kva forbrukarane definerer som minimumsnivå for akseptable produksjonsmetodar.

Fiskevelferd er langtfrå noko nytt fagområde for Havforskingssinstituttet. I fleire år har forskarane arbeidd med dette, og i samband med omorganiseringa av instituttet vart det i fjar oppretta ei eiga, brei forskingsgruppe for fiskevelferd og oppdrettsmiljø. Etableringa av den nye forskingsgruppa er eit signal om styrka innsats på området fiskevelferd, og målet er auka kunnskap og kompetanse innan dette området. Instituttet skal vere den sentrale rådgjevaren for næringa og styresmaktene innan området fiskevelferd og oppdrettsmiljø. Vi skal utvikle produksjonsstrategiar og teknologi som både sikrar velferda til fisken, og medverkar til at oppdrettaren får til ein effektiv produksjon i anlegga sine.

Utfordringane er store, både med omsyn til velferd for villfanga fisk og

for fisk i oppdrett. I fiskerisamanheng vil utfordringane vere mest knytt til fangstprosessen, men også til dømes til korleis vi påverkar havet og dermed levemiljøet til fisken. Innan havbruk møter vi dei same problemstillingane som i vanleg husdyrhald. Ei stor utfordring eller oppgåve for oppdrettsnæringa er knytt til stress og ubezag av måten vi behandler og handterer fisken på, til dømes under reingjering av merdane og ved sortering, vaksinering, transport og slakt av fisk. I alle desse situasjonane må vi ta omsyn til fisken si velferd.

Sjukdom og parasittar er ei stor utfordring, og lakselusa er åleine eitt av dei aller største velferdsproblema i dagens norske havbruk. Lusa påfører fisken sår, og ved tunge åtak ser vi tydeleg korleis lakselusa påverkar allmenntilstanden til fisken. Ufordringa her er ikkje minst å kunne gje sjuk fisk rett og god handsaming, sameleis som vi må gjere for landlevande husdyr.

Søkjelyset er også retta mot miljøet til oppdrettsorganismane, og dette er nok eit langt større problem enn sjølv mange i næringa er klar over. Ein peikepinn på dette er tapstala for laks i sjøfasen; at meir enn tjue prosent av utsett fisk forsvinn, nære på 30 av om lag 140 millionar fisk sett i sjømerdar. Årsaken til at så mykje fisk stryk med er mange: sjukdom, sår, algar og maneter, rovfisk/rovdyr (predatorar), kjønnsmodning,

rømming, misdanningar, overgang frå ferskvatn til sjø, og ikkje minst det vi kallar «udefinerte» eller «andre» dødsårsaker, som vi må arbeide for å kartleggje næraare.

Deformitetar eller misdanningar er også ei utfordring for norsk havbruk. Dette er klårt knytt til miljøvilkår som ikkje er gode nok, som til dømes ernæring, biverknader av vaksinering, aggressjon individu imellom og genetiske tilhøve. Dei vanlegaste misdanningane er katarakt, deformitetar i ryggsøyla, misdanningar i kjeve og gjellelokk, ufullstendig metamorfose (tilvenning til sjøvatn),

augevandring hos flatfisk, mangefull skinnpigmentering og samanvokster i bukhola som ei følge av vaksinering. Attåt ser vi augenapping og sårskadar som følgje av aggressjon.

Utfordringane er altså mange, og fleire av dei er store. Men fiskevelferd og økonomisk sunn produksjon går hand i hand. Det som er bra for fisken si velferd er også bra for oppdrettaren, og med omsyn til oppdrettsnæringa sitt omdøme og forbrukarane sine val av matvarer. I stigande grad vil vi truleg også møte "dyrevernskrav" retta mot den tradisjonelle fiskerinæringa. Striden om avliving i sel- og kvalfangstnæringane er kan hende ein liten forsak på dette.



LINJEPROGRAM 95

PROGRAMLEIAR GABRIELLA BIANCHI
(TIL 17.08.2003) / HANS ERSTAD

Bistandsretta samarbeid innan forsking og forvalting

MÅL

Programmet skal medverke til ei berekraftig utnytting av marine, levande ressursar i land vi samarbeider med. Det samlande målet for prosjekta er: Effektive forskingsbaserte forvaltingssystem med tilhøyrande, sjølvstendige institusjonar i drift. Målet skal vi nå gjennom overføring av etablert og ny kunnskap til forskings- og forvaltingsinstitusjonar ute.

Styret ved Havforskingssinstituttet vedtok i desember 2002 ein strategiplan for den utviklingsretta verksemda for åra 2003–2007. Planen slår fast at verksemda ved Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid (Fagsenteret) skal gjennomførast i tråd med overordna mål for samarbeidet mellom Noreg og utviklingsland. Fagsenteret skal vere rotfesta i verksemda elles til Havforskingssinstituttet og Fiskeridirektoratet. I tillegg skal ein gjere seg nytte av supplerande norsk og internasjonal kompetanse. Programverksemda er i all hovudsak finansiert av NORAD, som Fagsenteret har eit tett samarbeid med.

Det samla forbruket av NORAD-midlar var i 2003 66,6 mill. kroner. Dette finansierte drifta av RV Dr. Fridtjof Nansen, innsats fra personell ved Havforskingssinstituttet, utsende medarbeidarar, tilsette i Fiskeridirektoratet og kjøp av varer og tenester. Kjernestaben ved Fagsenteret bestod i 2003 av 12–13 personar. I tillegg kjem 7 rådgjevarar utplasserte gjennom institusjonsavtalar i samarbeidslanda, medverknad frå totalt 23 personar knytt til andre sentre ved Havforskingssinstituttet, 10–15 personar frå Fiskeridirektoratet og 5–10 frå andre institusjonar. I alt vart det utført 23 årsverk under programmet. Skipspersonell (26 årsverk) og administrasjon frå Havforskingssinstituttet er ikkje tekne med i denne oversikta.

I rapportperioden har Fagsenteret hatt ansvar for Nansenprogrammet, som omfattar landa Namibia, Angola, Sør-Afrika og området utanfor Nordvest-Afrika, og i tillegg prosjekt i Mosambik, Vietnam, Kina og Cuba.

PROSJEKT

Alle prosjekt med unntak av 9525 er finansierte av NORAD.

- ▶ 9501 Primæroppgåver/Fagsenteravtalen
- ▶ 9502 Mosambik – institusjonsavtale innan fiskerisektoren
- ▶ 9506 Vietnam – fiskerilovgjeving
- ▶ 9508 Nansenprogrammet/Namibia – fiskeriforskning

- ▶ 9510 Nansenprogrammet/Namibia – institusjonsutvikling
- ▶ 9511 Nansenprogrammet/Namibia – fiskeriforvalting
- ▶ 9512 Nansenprogrammet/Angola – fiskeriforskning
- ▶ 9513 Nansenprogrammet/Angola – miljøforskning
- ▶ 9514 Nansenprogrammet/Angola – institusjonsutvikling
- ▶ 9515 Nansenprogrammet/Angola – fiskeriforvalting
- ▶ 9516 Nansenprogrammet/Sør-Afrika – forsking og forvalting
- ▶ 9517 Nansenprogrammet/BENEFIT
- ▶ 9518 Nansenprogrammet/Andre land/FAO
- ▶ 9519 Nansenprogrammet/Basisaktivitetar
- ▶ 9520 Nansenprogrammet/Programleiring
- ▶ 9521 Tingingsoppgåver/Fagsenteravtalen
- ▶ 9525 NATFISH (EU-finansiert)
- ▶ 9527 Sør-Afrika – landprogram
- ▶ 9528 Kina – prosjekt 2001–2005
- ▶ 9529 Vietnam – forsking
- ▶ 9530 Cuba – utviklingssamarbeid



NANSENPROGRAMMET – DET HAR NYTTA

Nytte kan vere vanskeleg å måle, men at den norske fiskeribistanden til utviklingslanda har nyttta, er vi ganske trygge på. Same kva ein i ettertid meiner kunne vore gjort betre, må det kunne seiast at Noreg har gjort ein viktig og nyttig jobb for mange utviklingsland. Det har også fleire internasjonale evalueringar av Nansenprogrammet konkludert med.

Fridtjof Nansen har i snart tre tiår vore som eit varemerke for norsk utviklingsbistand retta mot fiskeria – mest i alle verdsdelar og på alle hav – og vår verdkjende landsmann har utan tvil gjeve norsk bistandsarbeid på dette området ikkje så reint lite positiv PR og godvilje. Kanskje ikkje minst av di den gode hjelparen på havet heitte "Dr. Fridtjof Nansen",

både det "gamle" og dagens moderne utgåve – som òg har hatt FN-flagget i masta.

Kunnskap har naturleg nok vore eit heilt sentralt omgrep for norsk bistandsarbeid knytt til fiskerisektoren; overordna viktig for tretti år sidan som det er i dag. Det galdt å hjelpe samarbeidslanda til å skaffe seg kunnskap om fiskeressursane i eigne havområde. I første omgang måtte fisken finnast, slik at dei kunne skaffe seg mat og inntekter frå ressursane i havet. Dette blei særleg viktig då mange av desse landa fekk to hundre mils økonomiske soner.

Bestandsmålingane skulle samstundes auke kompetansen til samarbeidslanda, ved at studentar

og vitskapleg personale var med på feltet og fekk innsyn i våre moderne målemetodar, nyttja instrumenta m.v. Mange kom også til Noreg for vidare opplæring og studiar, og her skaffa dei seg med tida universitetsgradar innan fiskeribiologi og andre fag knytt til havforskning. Slik blei samarbeidslanda etter kvart sjølvhjelpe. Korleis samarbeidslanda utnytta fiskeressursane – kvar dei fiska, korleis dei fangsta, og kven som fekk lov til å hauste havområda deira – var naturlegvis deira eiga sak. Det viktige for Noreg var i denne samanhengen å gje samarbeidslanda eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for viktige avgjersler i forvaltinga.

I ettertid kan vi kanskje setje eit spørjeteikn ved om vi har

drive nok kystrnær forsking, altså ressursgranskningar retta mot dei små, lokale fiskarane. Til det var både den gamle og den nye «Dr. Fridtjof Nansen» for store skip, utan at det må sjåast som ei fullgod orsaking. Medan oppgåva til å byrje med var å finne fiskeressursar for samarbeidslanda, har berekraftig forvalting alt blitt eit viktigare omgrep, og då blei òg fiskeriforvalting ein del av den norske fiskeribistanden. Ekspertar frå norsk fiskeriadministrasjon kom med i arbeidet for å hjelpe samarbeidslanda til å få etablert rutinar, regelverk og ein effektiv fiskeriadministrasjon.

Dette har vore ein svært viktig og verdfull del av Nansenprogrammet. Ein ting til kan ikkje undervurderast, nemleg det regionale samarbeidet Nansenprogrammet har medverka til å få i stand. To hundre mils økonomiske soner og viktige, felles fiskebestandar gjorde det sterkt ønskjeleg med samarbeid mellom naboland i ulike regionar. Her har Noreg og Nansenprogrammet spela ei viktig rolle, som brubyggjar mellom land som gjerne i utgangspunktet ikkje var på talefot. Men nytte er som sagt vanskeleg å måle – for korleis

skal ein talfeste eller vekte slike ting som overføring av kompetanse, råd og hjelp til å etablere lovverk og administrative rutinar? Korleis måle hjelp på vegen mot større sjølvstende og sjølvråderett over eigne ressursar, eller det å få kompetanse, status og sjølvtilleit nok til å kunne delta og hevde seg i internasjonale organisasjoner? Vi trur at Nansenprogrammet har medverka positivt på slike område, og at vårt fiskerisamarbeid har vore til nytte og god hjelp.



Overvaking og tilstandsvurdering av kystsona

MÅL

Marinøkologisk overvaking og rådgjeving for ei berekraftig utvikling i kystsona.

PROSJEKT

- ▶ 9601 Rådgjeving og informasjon
- ▶ 9602 Referanseområde region sør
- ▶ 9603 Referanseområde region vest
- ▶ 9604 Referanseområde region midt
- ▶ 9605 Referanseområde region nord
- ▶ 9606 Tolegrenser
- ▶ 9607 Potensielle kystressursar
- ▶ 9610 Administrasjon og utvikling av Senter for kystsone

VI MÅ HALDE OPPSYN MED TARESKOGEN

Tareskogen vår er nok viktigare enn mange trur, ikkje minst som vern og oppvekstområde for fiskeyngel. Når vi no arbeider for ei heilskapleg økosystemforvalting av havet, må tareskogen gå inn som ein viktig del av vårt overvakningsprogram. Tare er også ein ressurs vi haustar ganske mykje av i Noreg, og god kunnskap må vere grunnlaget for forvalting av tareressursen.

"Trea" i stortareskogen kan vere ganske maktige, sjølv om dei naturlegvis blir små samanlikna med

mange tre på land. Heller ikkje er vårt samla areal med tareskog stort om vi samanliknar med skogen på land, men ein langstrakt og stor skog er han likevel. Stort sett langs heile kysten strekkjer han seg, ned til om lag 30 meters djup. Det er ikkje særleg breie skogsteigar, dei er heller smale og langstrakte. Men er kystfarvatnet langgrunt, og krydra med holmar, skjer og båar, kan tareskogen bli atskillege kilometer brei. Slik er det til dømes ved Froan i Nord-Trøndelag. Store tareområde, til dømes Griptaren, er også kjende som særskilte

fiskeområde, og kanskje er taren ei viktig årsak til fiskerikdom. Ei førebels, men ganske usikker berekning, seier at stortareskogen dekkjer eit samla areal på rundt 5 000 kvadratkilometer, medan den totale biomassen utgjer om lag 50 millionar tonn. I Nord-Noreg er store deler av tareskogen kraftig redusert, og syndaren heiter kråkebolle. Men kvifor kråkebollebestanden har vakse så kraftig at han kan drive slik «flathogst», veit vi ikkje. Kanskje heng det saman med at det har blitt

svært lite steinbit og anna fisk som likar kråkebollar.

Skogsdrifta i havet, taretrålinga, reduserer naturlegvis areala av stortare lokalt – til tareskogen etter er utvaksen. Taretrålinga byrja på 1970-talet på våre kystar, og årleg hentar vi no opp 160 000–170 000 tonn stortare fra Sør-Trøndelag til Rogaland. I global samanheng er dette mykje, og norsk stortare utgjer faktisk 20–25 % av råstoffet til heile alginatproduksjonen i verda. Likevel er dette lite, samanlikna med den totale tareskogsbiomassen, men lokalt kan haustepresset bli ganske stort. Stort sett har gjenveksten vore god i områda eller traseane der taretrålarane har drifta. Nokre målinger har vist at stortaren i dei tråla områda veks til att i løpet av tre–fire år, men at tettleiken og høgda på skogen kanskje blir endra, slik at taren står tettare og er kortare. Det tek naturlegvis nokre år før plantene er utvaksne.

Når stortaren blir hausta kan ein risikere at ganske små bestandar

av kråkebollar kan hindre naturleg gjenvekst av tare. Vi har sett tilfelle av dette på kysten av Sør-Trøndelag. Kunnskap om slike forhold vil sjølvsgåd vere svært viktig i forvaltinga av stortareskogen vår. Mykje ny kunnskap må haustast, for vi veit lite om kvifor bestanden av kråkebollar varierer på ulike deler av kysten. Ein veit heller ikkje så mykje om til dømes sterkt vind og store bølgjer kan føre til store skader på tareskogen. Det har kome rapportar og utsegner om slike "stormsakdar" på stortareskogen, men faktiske målingar finst det lite av.

Uvanleg høg sjøtemperatur kan tenkjast vere ei årsak til både variasjonar i tareskogsveksten og "skogsdødelegheit". Det kan til dømes ha skjedd i Rogaland. Taren toler ikkje høgare temperaturar enn 20–23 °C, og nokre somrar har vi no målt temperaturar oppe i 18–20° i dei øvste 10–15 metrane på ytre delen av Roglands-kysten.

Tareskogen er rik på liv, frå dei minste plante- og dyreartar til småfisk og

innimellan større individ. Fleire hundre ulike artar alt i alt finn vi fastveksande på stortaren, på botnen eller fritt i vatnet. Eit viktig spørsmål er kva som skjer med det biologiske mangfaldet i tareskogen når han blir hausta eller nedbeita, om eller når dei ulike artane kjem attende. Mellombelse granskingar tyder ikkje på at taretråling på lang sikt reduserer det biologiske mangfaldet. Dei såkalla "følgjeartane" kjem attende etter kvart som tareplantane veks til, sjølv om det tek nokre år før alle er på plass att. Vi veit likevel ikkje om det er nokre artar som alltid brukar lang tid på å etablere seg på nytt, og desse vil i så fall kunne bli sjeldnare i områda der det ofte blir drive taretråling.

Vi har ein skog langs norskekysten – ein skog som kanskje er langt viktigare enn vi har trudd. Difor må vi også gjere det vi kan for å sikre ei kunnskapsbasert og framtdsretta forvalting av tareskogen.





Ressurs- og miljøforskning i kystsona

MÅL

Framskaffe kunnskap om marint miljø og biologiske ressursar som grunnlag for ei samla, berekraftig forvalting av kystsona.

BAKGRUNN OG ORGANISERING

Presset på kystområda på kloden, der mange og svært ulike interesser kryssar kvarandre, er sterkt aukande også i Noreg. Hafvforskningsinstituttet skal vere ein truverdig premiss- og kunnskapsleverandør for ein ansvarleg bruk av moglegheitene i kystsona. For å utvikle denne kunnskapen blei forskningsprogrammet "Ressurs- og miljøforskning i kystsona" etablert i 1996. Programmet skal generere kunnskap om kjende biologiske ressursar og medverke til at dei kan utnyttast på ein berekraftig måte. Det skal òg ha eit vake øye for potensielle ressursar i kystsona. Kunnskapen skal vere nyttig i ei langsiktig og heilskapleg forvalting, slik at ein tek vare på sona sin høge biologiske produktivitet, store biologiske mangfold og reinleik. Dette må sikrast som eit nasjonalt livsgrunnlag.

PROSJEKT

- ▶ 0121 Programleiting
- ▶ 0123 Ressursar i kystsona – fauna
- ▶ 0124 Ressursar i kystsona – flora
- ▶ 0125 Prosessar og økosystem i den marine kystsona
- ▶ 0126 Miljøstatus og trendar i kystsona
- ▶ 0127 Effektar av inngrep og aktivitetar i kystsona

DYRKE FJORDANE MED FERSKVASSPUMPE

Vi kan truleg tredoble produksjonen av til dømes skjel i norske fjordar, og det på ein ganske enkel måte. Eit fantastisk resultat, vil alle landbønder seie, og vi treng korkje plukke stein eller grave grøfter. Berre leggje eit røyr ned på 30 meters djup for å få næringssalt opp i dei øvre vasslagene

– og dermed ber fjorden fram ei tre gongar så stor grøde.

No i år innleier vi eit praktisk forsøk på slik fjorddyrkning, i første omgang på eit område som er tre kvadratkilometer, altså tre tusen mål. Forsøket går føre seg i Lysebotn, inst

inne i Lysefjorden, der næringssalt frå djupet skal pumpast opp ved hjelp av ferskvatn/brakkvatn. Dette er ein særslig effektiv metode, vi pumpar 2,5 kubikkmeter fersk-/brakkvatn ned på 30 meters djup, og dette ferskvatnet får om lag 25 kubikkmeter næringssalt saltvatn til å stige opp. Altså ti gongar

så mykje saltvatn opp som det vi pumpar ned av ferskvatn. Når denne ferskvasspumpa går i om lag to veker, vonar vi at heile området på tre tusen mål er godt gjødsla.

Det som altså er – eller syntest vere – problemet for skjeldyrking i fjordane våre, var mangelen på næringsstoff. Skjela lever av planterplankton, av havets grasproduksjon. Men plantene treng næringssalt, i dei øvste 30 meterane i sjøen, der sollyset slepp til. Når næringssalta er brukte opp, stoppar "graset" i sjøen å vekse, medan sjøvatnet lenger nede i djupet er rikt på næringssalt. Løysinga er altså då at "blåskjelbonden" må ned i djupet for å hente opp næringssalt til sin utarma åker, og ferskvasspumpa gjer jobben for han.

Samansetjinga av næringssalta som blir transporterte opp frå djupet, gjev også konkurransefordelar til algar som ikkje er giftige for skjel. Eit område på 3 000 mål (tre kvadratkilometer) kan normalt bare fram om lag 250 tonn blåskjel, om vi reknar med ein normal planktonproduksjon i fjorden. Men ved å få opp ekstra næringssalt frå djupvatnet, vil vi auke eller forlenge vekstperioden for plankton. Då kan vi hauste mellom 700 og 1 000 tonn blåskjel. Eit slike

fjordområde kan eventuelt også nyttast av blåskjeldyrkarar i regionen til avgifting av blåskjel. Kapasiteten for området i Lysebotn kan vere om lag 5 000 tonn i sommarhalvåret.

For eit areal som til dømes tilsvarer heile Lysefjorden (totalt 45 kvadratkilometer), kan om lag 6 000 tonn blåskjel vere eit naturleg produksjonstak. Men med ferskvasspumpe som får opp næringssalt, kan kanskje blåskjelproduksjonen aukast til 18 000–20 000 tonn årleg. Då kan vi også byrje ane framveksten av ei monaleg skjelnæringsring på norskekysten. Vi får ikkje næringssaltet opp utan kostnader, men det rimelegaste er om vi har rikeleg med ferskvatn tilgjengeliggjort der vi ønskjer å dyrke fjorden, til dømes der vi vil dyrke blåskjel eller andre organismar.

Rikeleg med ferskvatn med god fallhøgde – slik at vi berre kan leggje eit røyr ned på 30–40 meters djup, for å få ferskvatnet ned dit utan å måtte kjøpe kostbar energi til mekaniske pumper. Anleggskostnadene blir då største utgifta, altså å leggje røyr ned på 30 meters djup. Men når det er gjort, vil den naturlege ferskvasspumpa gå år etter år utan nokon kostnad.

Det betyr ikkje at det vil vere ulønsamt å nytte elektrisk pumpe i mindre områder, slik vi gjer no i Lysebotn. Når vi skal dyrke ein fjord på dette viset, må vi halde oss i ganske skjerma farvatn. Det nyttar ikkje å pumpe opp næringssalt i område med sterkt straum og stor vassutskifting, for då vil næringssalta spreiaast og flyte bort frå skjelanlegga. Vi må òg vurdere kor mykje næringssalt vi kan pumpe opp frå djupet før det blir tomt der nede – om det no skulle vere nokon fare for slike. Vi veit at mykje av næringssaltet vil bli resirkulert, at berre ein liten del av det blir utnytta og "oppbrukt". Så frå overflatelaget vil mykje av næringssalta søkkje ned att i djupet.

Ein anna ting er innstrøyming av næringssalt frå kysten og "storhavet", om der ikkje er grunne tersklar i fjorden. I dei fleste fjordane er det truleg ikkje nokon stor fare for utarming av djupvatnet. Forsøket i Lysebotn kan på mange vis bli eit revolusjonerande nybrottsarbeid. For lukkast ein med å dyrke fjordane, og tredoble produksjonen med mindre risiko for giftige skjel, er utsiktene til skjelproduksjon på norskekysten svært så gode. Ja, då kan vi snakke om ei ny og verkeleg stor havbruksnæringsring.



Populasjonsdynamikk og modellering

MÅL

Leggje vitskapleg grunnlag for ei rasjonell, berekraftig utnytting av fiskeressursane våre ved å kartlegge prosessar som bestemmer bestandane sin storleik og produksjon. Bruke slik kunnskap til å utvikle verktøy for utrekning av storleik og produksjonsevne til haustbare fiskebestandar, og til å evaluere ulike regime for fiskeriforvalting.

PROSJEKT

- ▶ 0403 Ernæring, vekst og modning
- ▶ 0405 Modellar for bestandsutrekning og bestandsprognosar
- ▶ 0406 Fleirbestandsmodellering
- ▶ 0408 Programleiing

HARDT FISKEPRESS HAR “AVLA FRAM” EIN SMÅVAKSEN TORSKEBESTAND

Kanskje har fiskarane lenge ant det, men no er det vitskapleg prova: Den norsk-arktiske torsken blir atskilleg tidlegare kjønnsmoden enn før, og årsaka er truleg at vi gjennom fisket har ”avla” fram ein bestand av ”veslevaksen” eller bråmoden torsk. Med andre ord snakkar vi om eit resultat av hardt fiske, og ikkje om til dømes klimaendringar i Barentshavet.

Seleksjonen eller utveljinga i bestanden – gjennom eit mangeårig hardt fiskepress – har truleg vore den evolusjonære krafta som har påverka torsken sterkest. Ingen anna utviklingsfaktor har altså vore viktigare enn verknaden av fisket.

Gjennom hardt fiskepress har vi valt ut (selektert) eigenskapar som går i arv, til dømes dei som er knytt til reproduksjon. Kva følgjer dette kan få for bestanden og for det framtidige uttaket av torsk, veit ingen i dag.

Det er norske og russiske data frå andre verdskrigen og fram til i dag som viser at torsken har blitt kjønnsmoden ved stadig lågare alder – ved radikalt lågare alder enn tidlegare. For 40–50 år sidan blei torsken i gjennomsnitt kjønnsmoden som niåring. I dag er ein 6 år gammal hotorsk klar til å gyte for første gong. Meir presist er gjennomsnittsalderen for førstegongsgytarane 6,5 år.

Samstundes har vekt ved alder gått noko opp. Altså har torsken blitt noko større og tyngre, noko meir storvaksen for alderen, enn kva tilsvarande aldersgrupper var for 40–50 år sidan. Men vekta (og veksten) har på langt nær auka så mykje at ein kjønnsmoden 6–7-åring ser ut som ein tidlegare førstegongsgyta på 9 år – slett ikkje.

Forskinga på den norsk-arktiske torsken, og granskning av tilsvarande effektar av fiskepress på andre bestandar, er delvis EU-finansiert gjennom det internasjonale ModLife-prosjektet.

Hovudmålet er å granske nettopp langtidsverknadene i reproduksjonstrategiar og reproduksjonsevne til hardt utnytta fiskebestandar. Kan det vere genetiske endringar som går i arv, som hos norsk-arktisk torsk, eller meir kortvarige og t.d. klima- og matavhengige endringar kva gjeld modning og vekst? Har noko liknande skjedd hos til dømes norsk vårgytande sild som hos den norsk-arktiske torsken?

Silda var utsett for eit særhardt fiskepress fram til ho var mest heilt borte rundt 1970, kombinert med kaldt klima og dårlig rekruttering. Sidan 2001 har ModLife-prosjektet

finansiert eit arbeid på norsk vårgytande sild. Vekstsoner i sildeskjel er nytta som grunnlag for å studere alder ved kjønnsmodning, og vi har fått etablert nye modningskurver for sildebestanden. Desse gjev oss eit meir nøyaktig bilet av variasjonar i modnad, mellom anna i periodane før og etter kollapsen i sildebestanden i slutten av 1960-åra. Vi har tidlegare registrert svært store variasjonar i kjønnsmodning hos norsk vårgytande sild, og i dag kan vi ganske sikkert seie at dette i hovudsak skuldast varierande vekst.

Evolusjonære endringar har vi også registrert, men dei er langtfrå så viktige for alder ved kjønnsmodnad

som vekst – og altså tilgangen på mat. Dette er det motsette av kva vi fann hos torsk, der tidleg kjønnsmodning er resultat av ei genetisk og arva endring. Ulikskapane her for torsk og sild kan skuldast at desse to artane har ei ganske ulik utnyttingshistorie, at fisket på sild og torsk har vore ganske ulikt gjennom dei siste 40–50 åra. Spørsmål som desse vil vi gå djupare inn i, mellom anna gjennom å sjå nærare på livshistoria til sild og torsk. Slike studiar kan også vere til hjelp når vi skal formulere nye og betre forvaltingsstrategiar som tek omsyn til langtidsverknadene frå fisket.





Absolutt mengdemåling av marine ressursar

MÅL

Utvikle metodikk for fastsettjing av absolutt storleik og samansetjing av fiskebestandar, basert på fiskeriuvhengige data.

Delmål:

Innan 2001 berekne viktig uvisse i toktbaserte mengdemål og dermed kunne identifisere og rangere problemområda. Innan 2003 utvikle metodikk som integrerer informasjon fra ulike datakjelder til einskaplege mengdemål med relevante mål for uvissa. Innan 2003 utvikle naudsynt teknologi som står gjennomføringa av dei to føregåande delmåla. Basert på delmål 1–3 skal det innan 2005 utviklast eit rammeverk, medrekna nyutvikla teknologi og modellering, som syr saman tilgjengelege felldata til eit absolutt mengdemål. Målartane vil vere torsk og sild i første delen av programperioden. I siste delen av perioden skal metodikken overførast til lodde, kolmule og uer.

PROSJEKT

- ▶ 0502 Integrerte surveysteknikkar
- ▶ 0503 Akustisk målemetodikk for fisk
- ▶ 0509 Merketeknologi
- ▶ 0510 Programleiing
- ▶ 0513 REDFISH (Mengdemåling av djupe førekommstar av uer)
- ▶ 0514 Sonarar på nytt fartøy
- ▶ 0515 Multisystem for taua farkostar og droppsonde
- ▶ 0517 Autonom målstyrkeinnsamlar
- ▶ 0518 Akustisk artsidentifikasjon (SIMFAMI)
- ▶ 0519 Daudsonemålnaren
- ▶ 0520 Absolutt mengdemåling av fisk (Strategisk instituttprogram)
- ▶ 0521 Automatisk fangstmålar
- ▶ 0522 Mengdemåling av dyreplankton
- ▶ 0523 System for akustisk botnklassifisering (ACOUSEC)
- ▶ 0524 Surveystrategi og metodikk for habitatkartlegging (SUSHIMAP)
- ▶ 0526 Ikke-lineære effektar i ekko- og sonarsvingarar (MINIERROR)
- ▶ 0527 Blåkveite – mengdemålingsmetodikk og vandringsdynamikk

DEN NYASTE EKKOLODDTEKNOLOGIEN: SEKS SVINGARAR SER UFATTELEG MYKJE MEIR!

Frå seks ekkołoddsvingarar som står tett i tett på senkekjølen, og som samstundes sender ut lyd på seks ulike frekvensar, får no havforskarane atskilleg meir informasjon enn det dei fekk for berre nokre år sidan. Ufatteleg mykje meir informasjon, vil mange meine – også forskarane bak den nye metoden. No "ser" dei lett skilnad på til dømes raudåte og kril, og kan òg rimeleg presist måle storleiken på dyreplankton. Desse er blant dei minste og kan hende viktigaste organismane i sjøen, fordi dei er "middag" for verdfulle artar som sild, makrell, lodde, kolmule og andre – samt for larver og yngel av alle fiskeslag.

Nye "G.O. Sars" fekk først installert det nye Simrad-ekkoloddet EK 60, eit lodd utvikla etter spesifikasjonskrav frå Havforskningsinstituttet. Dette loddet er særskilt godt eigna for slike eksperiment som vi har gjennomført, og teknologien blir no nytta på regulære tokt. Føresetnaden for å få den detaljmetta informasjonen frå havet er at dei seks svingarane sender sine lydsignal utan å uroe kvarandre. Dette skjer nøyaktig samstundes, og med like lange "skrik" eller pulsar, for då treff dei ulike lydsignalna også same fisken eller stimen aldeles på same tid. Ekko, og ekkoogrambileta, blir dermed direkte samanliknbare. Med lyd frå ulike frekvensar kan vi då sjå at organismane i havet gjev ulik respons eller refleks på dei ulike lydane, og det er dette som er "trikset".

På forskarfagspråket snakkar ein om ulik "frekvensrespons". Det vil seie at ein makrell til dømes gjev ein heilt spesiell respons eller ekko på ein bestemt frekvens, og då kan vi vere ganske trygge på at dette ekkoet kjem frå ein makrell eller frå ein makrellstim. I kvar einaste biletetrute på ekkołoddskjermen – kvar einaste pixel – kan forskaren no identifisere kva ekkołoddet viser. Ein er ikkje sikra ei fullgod identifisering, men som nemnd ovanfor skil det godt mellom store og små dyreplankton, som til dømes raudåte og kril. Likeins skil ein bra på ulike fiskestorleikar. Derimot kan ein enno ikkje skilje frå kvarandre fisk som har same sort symjeblære og same slags kropp, som til dømes torsk og hyse, men her kan andre målingar hjelpe på i framtida. Men sild, kolmule, lodde, bristling og makrell vil vi sjå skilnad på, og dette vil vere informasjon den kommersielle flåten vil få nytte av.

Den første ringnotreiaren snusar alt på metoden, og installerer no den nye ekkołoddtekhnologien. Førebels er Havforskningsinstituttet og "G.O. Sars" nærmast åleine om det nye systemet, utvikla i nært samarbeid med Simrad.

Maskinvara (hardware) kjem frå Simrad, medan programvara (software) er utvikla på Havforskningsinstituttet og Christian Michelsen Research (CMR). Det siste omfattar også dataanalyseprogram som kan lage kunstige, eller "syntetiske" ekkogram på direkten. Med fleire typar organismar blanda i

vasssøyla – som sild, sei, anna småfisk og plankton – kan programmet no til dømes "separere" dei ulike delane. Det vil være mogleg å få fram nye ekkogram der ein berre ser silda i eit, og planktonet i eit anna. Slik får dei som tolkar og hentar ut informasjon på eit regulært overvakningstokt mykje lettare og raskare tak i data om ein spesiell art. Dermed sikrar dei seg viktig tilleggsinformasjon, og kan få rask beskjed om det er naudsint med ny prøvetaking med trål eller annan reiskap.

Den nye ekkołoddtekhnologien er eit godt steg vidare frå den førre "akustikkrevolusjonen" som meir var tufta på biletattkjennung. Her lærte forskarane ekkołoddet (eller ei datamaskin) å kjenne att til dømes stimar av sild eller makrell, etter å ha vist datamaskina ekko- eller sonarbilete av rundt tusen ulike stimar. Teknologien vart berre utvikla så langt at maskina like godt som ein vanleg røynd fiskeskipper kunne kjenne att ulike fiskestimar, men no har altså dei nye multifrekvensanalysane ført fiskeriforskinga eit godt steg vidare. No er det ikkje berre form, farge og plassering som blir nytta, men også spektralanalyse. Det stoppar sjølv sagt ikkje her. Akustikkforskaran ved Havforskningsinstituttet arbeider alt med endå meir avansert teknologi – men den får vi ikkje vite noko meir om før han er klar til å takast i bruk.



Ansvarleg fangst

MÅL

Basert på studiar av fiskeåtferd skal det utviklast teknologi for fangst og lagring av fisk og andre levande marine ressursar, som både gjev god matkvalitet og høg verdiskaping av tildelte kvotar, og som samstundes er i samsvar med nasjonale og internasjonale avtalar og konvensjonar for ansvarleg fiske.

PROSJEKT

- ▶ 0601 Fangstrelevant åtferd
- ▶ 0602 Reiskapsteknologi
- ▶ 0603 Seleksjon i trålfiske
- ▶ 0605 Overleving/bidødeleghet
- ▶ 0606 Miljøeffektar av fiske
- ▶ 0607 Auka verdiskaping fangst-/lagringsteknologi
- ▶ 0612 Programleiing

MILJØEFFEKTER AV FISKE – EIT VIKTIG FORSKINGSFELT

Miljøskadar frå fiskereiskap er eit viktig tema for Havforskningsinstituttet. På nokre område har vi gjort mykje og kome fram til gode løysingar. Dette gjeld til dømes den såkalla tjalkeskræma, som hindrar sjøfugl i å ta lineagn og dermed drukne. Innretningar som hindrar fangst av småfisk, særleg seleksjonsrist i trål, har vi også hatt gode resultat med. Ei viktig oppgåve no er trålskadar på sjøbotnen. Tapte garn som står i lang tid og fiskar er òg eit miljøproblem vi må freiste finne ei god løysing på.

Botnskadar frå trål gjeld først og fremst at botnlevande dyr som sjøtre, svamper og korallar blir skadde, eventuelt heilt reinska bort. Likeins at trålfiskapen fer hardt fram mot skjel, krepsdyr og botnlevande fisk. Stor merksemd har det naturleg nok også vore omkring trålskadar på ei rad store korallrev vi har kartlagt utanfor norskekysten dei siste åra. Korallreva er truleg viktige gyromestader og oppvekstområde for yngel og småfisk av fleire ulike artar, og hard tråling på korallrev gjer uboteleg skade. Reva er bygde opp

gjennom hundretals eller endå til fleire tusen år, og freding eller totalt trålforbod er einaste måten ein kan gje slike korallrev eit effektivt vern på.

Kor alvorleg trålfiskap skader botnlevande dyr veit vi i dag svært lite om. Omfattande granskingar er naudsynte, men det er slett ikkje sikkert botnlivet – det vere seg plantar eller dyr – er så utsett som vi til no har trudd. "Gjenveksten" av botnlevande dyr på tråla felt synest fleire stader å vere god. På mange område blir det

tråla med meir eller mindre jamne mellomrom, i år etter år, utan at dette reduserer fiskebestandane i området. Men vi veit ikkje i kor stor grad samansetjinga av dei komplekse botndyrsamfunna blir påverka på slike trålfelt. På mange trålfelt er det mest uråd å finne ut, fordi vi ikke har kartlagt slike botndyrsamfunn før trålinga tok til. Dessutan er kan hende dei naturlege svingingane i botndyrsamfunna så store at det i seg sjølv gjer det ekstra vanskeleg å finne ut korleis trålinga påverkar desse dyresamfunna.


Dei granskingane vi har gjort så langt, tyder på at skadane på vegetasjonen har naturen sjølv reparert etter eitt års tid, sjølv om området vart overtråla fleire gonger i løpet av ein kortare periode. I Nordsjøen har vi fleire område med tråling fleire gonger årleg, men det er ikkje gjort fullgode

granskingar av desse områda. Kanskje er dyresamansetjinga på botnen endra på slike felt, for fiskarane opplever gjerne at det til dømes blir meir og meir flatfisk i slike område. Men fleire granskingar må gjennomførast før vi kan seie noko sikkert om kva endringar som finn stad på botnen.

Tapte garn som held fram med å fange og drepe fisk over lang tid er eit problem som også uroar mange, då dette utan tvil fører til ei svært uheldig løsing med fiskeressursane. Det viser Fiskeridirektoratet sine tokt for å hente opp slike tapte garn. Blant anna er dette eit alvorleg problem på ein del djupområde med blåkveite og annan fisk, på kysten utanfor Nord-Vestlandet og Vesterålen. Garn som er mista for heile sju–åtte år sidan, har blitt henta opp frå havet, og dei fiskar framleis. Altså har desse garna stått

på botnen og vore aktive fiskereiskap i mange år utan at fangsten har kome nokon til nytte. Rett nok fiskar eit slikt tapte garn "berre" rundt 20 % av det eit nytt og aktivt røkta garn gjer, men det blir likevel store mengder fisk som gårapt.

Problemet er at garna ikkje fell saman nede på botnen, for dei syntetiske materiala i garna rotnar ikkje. Løysinga på problemet kan altså finnast i å få utvikla garn med til dømes fløyt i nedbrytbart materiale. Ei anna løysing kan vere å merke alle garnlenker med ein sendar, slik at fiskaren lett finn att og kan dregge opp tapte garn. Førebels er slike garnsendarar for dyre til at fiskarane kan bruke dei, men problemet med tapte garn må vi finne ei løysing på. Det er ikkje akseptabelt i dag at det blir sløsa slik med ressursane.





Matfisk og kvalitet

MÅL

Etablere biologisk kunnskap om viktige norske oppdrettsartar og fiskeressursar med tanke på optimal produksjon, velferd, minimalisering av negative miljøeffektar og marknadstilpassa kvalitet.

Delmål:

Vidareutvikle det biologiske kunnskapsgrunnlaget for optimal produksjon av laksefisk. Leggje det faglege grunnlaget for kommersiell matfiskproduksjon av marine fiskeartar ved å få fram kunnskap om biologi og miljøkrav i oppdrett. Etablere kunnskap som kan sikre kvaliteten på produktet frå stamfisk til slakting. Etablere kunnskap som sikrar miljøet fisken lever i og fisken si velferd. Etablere kunnskap om optimal bruk av marine fôrressursar i oppdrett. Etablere kunnskap om levandelagring og oppfôring av villfisk. Etablere kunnskap om kvalitet hos villfisk.

PROSJEKT

- ▶ 0801 Grunnleggjande studiar av vekst, kjønnsmodning og førutnytting hos laksefisk
- ▶ 0802 Vekst, kjønnsmodning og førutnytting hos marin fisk
- ▶ 0803 Kvaliteten på sjømat
- ▶ 0804 Miljøvennlege oppdrettsmetodar
- ▶ 0805 Programleiing
- ▶ 0806 Åferd og velferd hos fisk i oppdrett

MISDANNINGAR HOS FISK I OPPDRETT

Misdanningar hos fiskeyngelen har vore og er framleis eit stort problem for oppdrettsnæringa. Skeiv ryggrad og samanvaksne organ er blant dei mest alvorlege problema, og ulike typar misdanningar råkar både laksefisk og marin fisk i oppdrett. Måretta forsking har avdekkat fleire årsaker til misdanningar,

men problemet er langt frå løyst. I intensivt torskeoppdrett opplever vi endå at bortimot halvparten av yngelen har deformert ryggrad. Årsakene til misdanningar hos marin fisk er mange og innfløkte. Ugunstige miljøforhold må ta ein stor del av skulda, og villfisk kan få

slike misdanningar på grunn av PCB, bly og andre ureiningar i havet. Men vanlegvis er truleg villfisken lite plaga av misdanningar. Det såg vi òg i Parisvatnet i Øygarden, der Havforskningsinstituttet i eit tilnærma naturleg havmiljø har produsert torskeyngel. Misdanningar var her sjeldne. I intensive oppdrettsanlegg,

derimot, har torskelarvane ofte ikkje hatt gunstige oppvekstvilkår, og vi har her observert ein alt for stor prosent misdanningar.

Torsk og andre marine artar har små egg som klekjer så tidleg i larven si utvikling, at den nyfødde ikkje har fått ferdig utvikla organ som til dømes tarm og ryggrad. Dette gjer dei marine larvane svært sårbarar, og misdanningar er framleis eit stort problem i intensivt yngeloppdrett av torsk. I lakseoppdrett har ein også opplevt misdanningar, men på langt nær i så stor grad som hos marine artar. Hos laks har vi saman med Universitetet i Bergen etablert grunnleggjande kunnskap om skjeletttutvikling, og om korleis ulike miljøfaktorar og vekst verkar inn på mellom anna beinstyrke og feilutvikling. Denne kunnskapen vil også kome til nytte når ein skal løyse problema med marine artar.

Deformert ryggrad hos torsk kan vere knytt til for stor gassfylling av symjeblæra til dei små fiskelarvane. Vi får då eit overtrykk i symjeblæra, slik at ho trykkjer mot det organet som skal utvikle seg til ryggrada – som altså då ikkje får utvikle seg normalt. Ryggrada er blant dei aller siste organa som blir danna hos fleire marine artar. Andre tilhøve ved vasskvaliteten verkar også negativt inn, som til dømes for høg temperatur. Vi har også registrert uheldig mekanisk påverknad på larven i ulike oppdrettsanlegg.

Hos laks har vi sett at kvaliteten på vaksinar og uhellige vaksineringsopplegg har vore ei viktig årsak til misdanningar. Vaksinering av oppdrettsfisk – som små yngel – har vore ein ubetinga suksess i norsk oppdrettsnæring. Det er difor heilt utenkleleg å la vere å vaksinere fisken, som elles kan bli råka av dødelege sjukdomar. I dag vaksinerer

vi laks mot sju ulike sjukdomar: furunkulose, to ulike såkalla vanlege vibriosesjukdomar, kaldvassvibrio, IPN, vintersår og raudmunnsjuke. Kvaliteten på desse vaksinane har blitt mykje betre dei siste åra. Tidlegare var det slik at dei beste vaksinane, dei som gav best vern mot sjukdom, også var dei som gav dei største biverknadene. Dagens vaksiner gjev tvert om både god verknad og har få og små biverknader.

Men like viktig som vaksinane er rutinar for vaksinering, for uhellige vaksinerutinar kan gjere stor skade. Det har vist seg at liten fisk som veks raskt ved høg sjøtemperatur får store biverknader frå vaksinane. Dette kan vere til dømes forkorta ryggrad, og at organa i bukhola veks saman. Vaksinerer vi derimot stor fisk som veks seint og går i sjø med låg temperatur, blir fisken lite plaga med biverknader.



Klima og fisk

MÅL

Varsle endringar i klimaet, forstå og kvantifisere på kva måte klimaendringane påverkar produksjonen, utbreiinga og åtferda til marine organismar.

Delmål:

Forstå dei viktigaste prosessane som påverkar klimasvingingane, mellom anna ved å nytte numeriske modellar, kvantifisere samanhengen mellom globale variasjonar og regionale svingingar i klimaet, og utvikle metodar for å lage regionale klimaprognosar. Kvantifisere kva klimaet betyr for rekruttering, vekst, vandring og utbreiing for dei kommersielt viktigaste fiskeartane våre.

PROSJEKT

- ▶ 1301 Miljø- og bestandsvurdering
- ▶ 1302 Klimaendringar
- ▶ 1303 Klima og plankton
- ▶ 1304 Effektar av klimaet på populasjonsparametrar hos fisk i Barentshavet og Norskehavet
- ▶ 1305 Effektar av klimaet på økosystemet i Barentshavet (ECOBE)
- ▶ 1306 Deltaking i internasjonale klimautgreingar og klimaprogram
- ▶ 1307 Klima/fisk-relasjonar i Nordsjøen
- ▶ 1310 Programleiing

HAVMILJØET PÅVERKAR FISKEN

Målet er å kunne varsle klimaendringar i havområda våre – i allfall for eit par år fram i tid – for så å kunne varsle verknadene det har på utviklinga for viktige fiskeartar. Sild, torsk, hyse og lodde står i sentrum når Havforskningsinstituttet og fleire andre institusjonar no samarbeider om å få ny innsikt i det innfløkte samspelet mellom havmiljøet og levande organismar i våre økosystem. ECOBE

heiter forskingsprogrammet, og målet er å forstå og talfeste dei ulike stega i næringskjeda, og korleis havmiljøet påverkar organismane direkte og indirekte.

Tidlegare har havforskarane ofte sett sjøklyset på ein faktor, til dømes mattilhøva for den nyklekte torskelarven, og ofte meint at den faktoren er så avgjerande at anna er

nærast uviktig. Eitt døme på dette kan vere Johan Hjort si gamle hypotese om plommesekkperioden som den kritiske fasen i torsken sitt liv. Vi meiner ikkje at denne hypotesen er feil, men der er truleg mange ulike forhold som kan svelte ein torskelarve i hel, mange prosessar som verkar inn. Desse prosessane ønskjer vi å talfeste. Det skal vi gjøre ved å ta i bruk nye og betre matematiske modellar for dei

ulike fasane i fisken sitt liv, korleis ulike artar samverkar og korleis dei fysiske forholda i havet påverkar fisken. Modellar der vi kan følgje torsken frå gyting til han driv inn i Barentshavet og oppveksten der – for den kritiske fasen i torsken sitt liv omfattar kan hende heile det første året.

I Barentshavet er mengda av dyreplankton nær knytt til straumtilhøva, eller rettare til innstrøyminga av atlantterhavsvatn fra Norskehavet. Dette har vi ikkje hatt god kunnskap om, og heller ikkje gode berekningar på tidlegare, noko ECOBE-programmet vil freiste rette på. Ikkje minst fordi mykje av merksemda i programmet er retta mot rekruttering til dei nemnde fiskeartane.

Raudåta – eit dyreplankton vel mange kjänner til – er svært viktig for alle fiskeslag i våre havområde. Særlig for fiskelarvar er raudåta kritisk viktig føde. Slik òg i Barentshavet, sjølv om det her ikkje er så stor "eigenproduksjon" av raudåta.

Kjerneområdet til raudåta er nemleg i Norskehavet, der ho overvintrar i djupet. På våren stig ho så til overflata, og i varierande mengder blir dette dyreplanktonet eksportert til Barentshavet, alt etter kor stor innstrøyminga av atlantterhavsvatn er.

Mengda raudåta til Barentshavet og varierande sjøtemperatur er to faktorar som må granskast nærmare. Vi vil leite etter moglege samanhengar her, om det er slik at til dømes talet på torskeyngel og anna "småbarnsfisk",

altså 0-gruppe, samsvarer med innstrøyminga av atlantterhavsvatn og raudåta. Modellar og simuleringar vil kunne gje svar på slikt, og instituttet sine årlege yngeltokt frå 1960-talet vil vere basis for studiane.

I modellane kan vi endre på alle ønskjelege faktorar for å sjå kva utslag slike endringar fører til. Vi kan endre på temperatur, mattilbod, vindstyrke m.v. Et viktig mål for Havforskningsinstituttet er å kunne gje styresmakten og næringa gode framskrivningar av korleis fiskebestandane vil utvikle seg dei nærmaste tre–fire åra. Di meir vi veit om naturlege variasjonar i atlantterhavsvatnstraumen, di sikrare vil vi treffen med varsla våre.



Reproduksjon og tidleg livshistorie hos fisk og skaldyr

MÅL

Avklare viktige biologiske prinsipp for vellukka reproduksjon, yngelproduksjon/rekruttering hos fisk, skjel og krepssdyr. Avklare åtferdsmessige relasjonar til ulike miljøvariablar hos dei tidlege livesstadia, toleransegrensene deira og spesifikke miljøkrav. Avklare korleis miljøvariablar påverkar stamfisken og rekrutteringspotensialet til gytebestanden. Overføre kunnskapen til brukarar innan oppdrett og forvalting.

PROSJEKT

- ▶ 1401 Produksjon av larvefør, ernæring og føringssstrategi, 1999–2003
- ▶ 1402 Oppdrettsteknologi og vasskvalitet, 2001–2004
- ▶ 1403 Grunnleggjande mekanismestudiar av larvar og yngel, 1999–2004
- ▶ 1404 Nye kandidatartar, 2003–2006
- ▶ 1405 Skjel, 2000–2003
- ▶ 1406 Programleiring, 2001–2003
- ▶ 1407 Domestisering av marine artar, 2002–2004
- ▶ 1410 Påvising av maternale effektar hos torsk ved bruk av unike sjøvasspollar og moderne molekulære teknikkar, 2000–2003
- ▶ 1411 Torsk- og silderekuttering: studiar av ulike maternale effektar, 2000–2004
- ▶ 1412 Komparative studiar av rekrutteringsmekanismar hos sardin i Benguela-regionen, 1999–2003
- ▶ 1413 Gonadeutvikling hos breiflabb – eit forprosjekt, 2002–2003


GENMERKING AV TORSK FOR Å IDENTIFISERE RØMLINGAR

Torskeoppdrettsnæringa er godt i gang og kan kome til å vekse svært fort dei nærmaste tiåra. Havforskningsinstituttet har arbeidd med torsk i mange år, og held fram med dette, også med tanke på overvakning av tilhøvet mellom villfisk og oppdrettstorsk. Genetisk merka oppdrettstorsk er eit stikkord

i denne samanhengen. Blant anna ønskjer vi å få etablert ei avlsline av genmerka torsk, for nettopp å kunne identifisere og skilje ut oppdrettstorsk ved til dømes røming.

Dette arbeidet er likevel ikkje noko nytt for Havforskningsinstituttet.

Alt for vel ti år sidan, på byrjinga av 1990-talet, sette vi ut genmerka torsk i Masfjorden i Hordaland, som ein lekk i det store havbeiteprogrammet (PUSH). Vi tok så prøver av torsk frå fjorden i åra etter utsetjinga. Dei første åra fann vi at den genmerka torsken var i vekst, han gjorde seg



sterkt gjeldande i torskebestanden i Masfjorden. Men så vart han litt etter kvart tynna ut i torskebestanden, som rimeleg var.

Vi er slett ikkje ferdige med den utsette og genmerka torsken i Masfjorden, for det er viktig å granske om denne utsetjinga har ført til genetisk endring i den lokale torskebestanden over tid. Av den grunn innhenta vi prøver av torsk frå Masfjorden i fjar, altså gytesesongen 2003. Analysearbeidet er enno ikkje ferdig, men så langt har vi ikkje funne att ein einaste genmerka torsk. Vi har heller ikkje registrert nokon auke i frekvensen av markørgenet i torskebestanden.

Vi har også sett i gong eit eige eksperiment med genetisk merka

torsk, for å kunne etablere ei genmerka oppdrettssline av torsk. I denne samanhengen har vi mellom anna nytta stamfisk frå Parisvatnet, og vi har overført eit lite antall genmerka torsk til eigne gyteeiningar i Austevoll. Alt gjekk vel med gyting og overleving i fjar, og vi har no til saman rundt 9 000 genmerka torskeyngel. Dette er fjerde til sjette generasjon av genetisk merka torsk i oppdrett, fisk vi har hatt sidan midt på 1980-talet.

Målet med ei genetisk merka avlsline for oppdrettstorsk er nettopp at vi då kan identifisere rømde individ, ikkje berre dei aktuelle rømlingane, men òg eventuelle etterkomrarar. For Havforskningsinstituttet som rådgjevar for fiskeristylesmakten vil eit slik overvakingsreiskap vere svært viktig.



Marin miljøkvalitet

MÅL

Utvikle metodar for å overvake nivå og kartlegge verknader av kjemiske stoff i det marine miljøet.

PROSJEKT

- ▶ 1501 Verknader av utslepp frå petroleumsverksemda
- ▶ 1503 Eutrofiering og tilførslle/transport av forureining til norske havområde
- ▶ 1504 Giftige algar
- ▶ 1505 Interaksjonar miljø/havbruk
- ▶ 1510 Programleiing



LUSETRANSPORT OG STRAUMMODELLAR

Straumen langs kysten vår er som eit vegnett, med forgreiningar inn i kvar einaste fjord. Alle slags "varer" fraktar straumen med seg, både nyttige og skadelege – og lakselusa høyre definitivt til dei vi ønskjer minst mogleg transport av i fjordar og langs kysten. Men skal vi kunne setje inn tiltak for å hindre lusespreiing i sårbare periodar, bør vi vite kvar og når lusa kjem rekande, for avstandar og driftstid kan variere svært mykje. Slik informasjon kan forskarane etter kvart gje oss, til gagn for oppdrettsnæringa, villaksforvaltarane og alle andre som vil ha nytte av å kjenne transportvegane til straumen.

Straumane endrar fart, og i mange høve også retning, alt etter kva som

verkar inn på straumen. Transporten av ulike ting med straumen held seg såleis heller ikkje til faste "rutetider", men endrar seg stadig etter "veg- og føretilhøva". Vinden påverkar straumane, ofte i stor grad. Tidevatnet likeins, og særleg i dei landsdelane der vi har stor skilnad mellom flo og fjøre. Kyststraumen utanfor fjordane og øyane påverkar dei lokale straumane inne i fjordane og innaskjers. Ferskvassstilset har også verknad på straumen, for ferskvatnet skaper meir eller mindre lagdelingar av salt og ferskt vatn i områda vi tek for oss. Topografin, eller landskapet – altså under vatn – spelar også ei viktig rolle for straumforholda. På det viset fører tronge sund til at straumen går raskare enn i vide fjordar.

